

Notat – 3/2017

Reidun Aambø

Syn på kunnskap og læring i Aust og Vest: Om Konfutsius og Sokrates



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

| | |
|---------------------------|---|
| Forfattar | Reidun Aambø |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISSN | 1891-5973 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/notat |

Syn på kunnskap og læring i Aust og Vest: Om Konfutsius og Sokrates.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjoner av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innhald

| | |
|---|--------|
| Føreord | side 4 |
| Konfutsius (551-479 f.Kr.) 5 | |
| Arketyptiske mellommenneskelege tilhøve i Konfutsianismen (rujia) | 5 |
| Grunnleggande dygder (de) | 6 |
| Utdanning og harmoni | 8 |
| Konfutsius i dag | 8 |
| Ni kinesiske studentar om konfutsianismen i dag | 11 |
| Sokrates (469-399 f. Kr.) 12 | |
| Dygder (arrete/araté) | |
| Kunnskap gjer menneska gode | 12 |
| Opprør mot autoritetane | 13 |
| Den sokratiske metoden | 13 |
| Oppsummering | 14 |
| Litteratur | 14 |

Føreord

Denne framstillinga tar ikkje sikte på å gå djupt i filosofiane til dei to store tenkarane. Her vil eg trekke ut nokre moment til mitt føremål i prosjektet "Korleis sosialisere kinesiske studentar inn i den norske studentrolla?". Momenta som er valde ut her, kan seie noko om syn på kunnskap og læringsstrategiar i Aust og Vest i dag – sjølv om begge filosofane levde om lag eit halvt hundreår før vår tidsrekning.

Korkje Konfutsius eller Sokrates skreiv tekstane sine sjølve. 72 studentar tok notatar frå førelesningane til Konfutsius, og Platon og Xenofon skreiv ned Sokrates sine utlegningar. Både Konfutsius og Sokrates var pedagogar og moralfilosofar som tala med folk og hadde meiningar om korleis samfunnet best skulle vere. Dei hadde ulike «prosjekt» i og med at Konfutsius ville «restore China to a golden age of peace. He believed in a society shaped by harmony, obedience and hierarchy» (Haibiao 2010), medan Sokrates gjorde opprør mot autoritetane.

Volda, juli 2017

Reidun Aambø

Konfutsius (551-479 f.Kr.)

(Kung Kiu var det eigentlege namnet på moralfilosofen som vi kallar Konfutsius på norsk, Confucius på latin og elles Kong Fuzi og Kung-Fu-Tse)

Konfutsius som kom frå Nordaust-Kina (no Shantung), var ein god forelesar. I 13 år reiste han rundt og tala i mange provinsar. Han meinte at fyrstane skulle styre ved hjelp av moral heller enn med valdsmakt, men ingen ville praktisere dette i det kaotiske og store landet på hans tid. Mest populær vart han i Han-dynastiet 700 år etter sin død. Dette dynastiet ville stabilisere landet, og konfutsianismen var nyttig sidan denne filosofien spela på lydigheit for autoritetar, sosial rangering og måtehald. Det fanst mange filosofar med ulike teoriar, men andre tenkarar skulle ikkje få rom. Keisaren i Han-dynastiet brende derfor bøkene til andre filosofar fordi teoriane til Konfutsius passa betre til å gje keisaren makt og gjere folk lydige. *Ein* teori var lettare å forhalde seg til enn mange, og slik vart den kinesiske mentaliteten prega av lydnad mot *ein* maktutøvar. Dette ”systemet” skulle få stor påverknad i lang tid framover (Miao Haibiao 2010).

Kapuscinski seier om konfutsianismen at ”den kanskje er den mest praktiske filosofi som verden kjenner, for den svarer på spørsmålet: Hvordan kan jeg overleve? (...) Konfutsius sier: Såfremt du lydig og samvittighetsfullt retter deg etter de styrendes befalinger, vil du klare deg” (2008:63). Grunnleggjaren av Taoismen, Lao Tze (som er eldre enn Konfutsius dersom han verkeleg har levd), gir det rådet at ein må eksponere seg minst muleg og ha avstand til andre. Begge desse etiske skuleretningane har audmjukheit som fellesnemnar til liks med buddhismen og den joniske filosofien (2008:64). Kinesisk tankegang har vore sterkt påverka av desse filosofiane og utgjer ein del av det biletet verda har av kinesarar som autoritetstru, distanserte, lydige og lojale. Og studentar i Volda fortel at gamle kinesiske visdomsord utgjer ein del av tankegangen i Kina i dag t.d. «Den edle stiller krav til seg selv, den simple stiller krav til andre», «Hogg gode ord i marmor, men skriv fornærmelser i sand», «Hvis grisen er for stor, må den slaktes» og «Feilen med menneskene er at de liker å være lærere for andre».

Arketyptiske mellommenneskelege tilhøve i konfutsianismen (rujia).

Ein person veks med alder, visdom og makt. Menneskeverdet er gradert:

Keisar/herskar og embetsmann (overordna – undersått)

Far (foreldre) og son (spesielt eldste son, barn)

Mann og kone

Eldre bror og yngre bror (og syster)

Venn og venn

Ein kan føye til ein sjette konstellasjon i dette hierarkiet som også har spela ei stor rolle:
meister (lærar) og elev/student (jfr. autoritet og undersått)

(Kristoffersen 2008:24, Redse 2010:34)

Dette hierarkiske systemet var heilt sjølvsagt og ”naturgitt” i kinesisk, tradisjonell tankegang. Ei opplagt usannheit var at alle menn og kvinner var likeverdige, for nokre folk var meir intelligente enn andre. Folk med utdanning var betre i stand til å vere leiarar enn uskulerte folk. Dette var ’naturens orden’ ifølgje Konfutsius. Dersom gjensidig plikt og harmoni i systemet ikkje vart følgt, var naturleg orden og moral i fare (Brick 2004:109).

Grunnleggjande dygder (*de*):

Godvilje (*jen*),

Omsorg (*ren*)

Rettferd (*yi*)

Sansen for høvisk framferd (*li*)

Moralsk visdom (*zhi*)

Respekt for føresette (*xiao*)

(Redse 2010:33)

Tilhøvet mellom menneska er viktig. Ein må kjenne plassen sin i hierarkiet, og ein må opptre overfor andre i samsvar med den posisjonen og rolla ein sjølv og andre har. Identiteten og sjølvkjensla til eit menneske vert knytt til dei sosiale rollene, og den sosiale ordenen vert oppretthalden ved at kvar og ein oppfyller pliktene sine (Redse 2010:34-35). Den underordna viser lydnad, underdanigheit og *xiao* (respekt) overfor den overordna, og den overordna svarer med *ren* (omsorg). Det konfutsianske samfunnet ser på seg sjølv som ein stor familie. Keisaren, staten, arbeidsgivar, foreldre og lærar er som kjærlege fedre, og undersåttane som gode søner som skal underkaste seg og vere lojale (Kristoffersen 2008:24).

Ifølgje konfutsianismen blir det stabilitet og harmoni både i samfunnet og i familien dersom alle kjenner sin rette plass. Familieidealet er å vere fem generasjonar under same tak, og medlemane har ansvar, plikt og lojalitet innan slekta. Den eldste mannen er overhovudet i familien og skal ha stor respekt. Det var/er viktig å få søner som fører slekta vidare, for berre påmannens side vert det drive foreldredyrking (*bai zuzong*), og det er berre sonen som kan utføre ofringane. I keisartida var lovene slik at dersom ein son forbraut seg mot

respekprinsippet, kunne faren straffe han – til og med med døden. Dersom eldste sonen døydde før foreldra, kom dei ikkje i gravferda hans. Då kunne ingen rettmessig ofre etter at dei var døde, og utan ofring til dei døde forfedrane, ville ånda deira døy ut. Barn og ungdom hadde knapt *yang*-sjel (ånd etter døden) og trong ikkje å bli tilbedne om dei døydde. Dei fekk heller ingen plass på fedrealtaret (Redse 2010:25).

Konfutsius har vore ”erklært død” mange gongar, til dømes i tida etter den første verdskrigen, og særleg i sluttfasen av kulturrevolusjonen i 1970-åra. Likevel er forskarar samde om at konfutsianismen har prega kinesisk kultur i meir enn 2000 år. ”*Confucius devint la Chine, et la Chine se fit confucéenne*”, skriv Alexis Lavis (2009:30) i forordet til Yu Dan si bok om Konfutsius. Lavis understrekar at Konfusius ikkje såg på seg sjølv som ein nytenkar eller filosof, men som ein ”continuateur” – ein konservativ person som held fram med tradisjonar som må overførast til nye generasjonar, for tradisjonar er like viktige for folk som vatnet er for fisken, meinte Konfusius (2009:7,17). Men under kulturrevolusjonen (1966-1976) ville Raudegardistane øydeleggje ”dei fire gamle” (gamle skikkar, gamle idear, gamal kultur og gamle vanar) inkludert dei intellektuelle (Wright 1989:59-60). Konfutsius vart rekna for å vere reaksjonær, og læra hans var kontrarevolusjonær. Raudegardistane herja i heimeområdet hans i seks veker, og tempelområdet hans vart rasert med dynamitt.

Liang Qichao (1873-1929) meinte at dei konfutsianske familierelasjonane vart tolka for snevert då Kina skulle bli ein moderne nasjon, og Kinas Kommunistiske Parti fortsette tankegangen om at familien kunne stå i vegen for lojaliteten til kollektivet. Ekteskapslova (1950 og 1980) forbaud no tvangsekteskapet som hadde vore eit uttrykk for lojalitet i familien (Halskov Hansen, Thøgersen 2008:41-42). Under Mao gjekk revolusjonær ungdom både verbalt og fysisk til angrep på eldre menneske og medlemmer av eiga slekt, stikk i strid med konfutsianske prinsipp. Kinesiske studentar i Volda fortel at både koner og barn vart bedne om offentleg å ta avstand frå ektemenn eller fedre som vart rekna som kontrarevolusjonære (t.d. akademikarar).

Den lærde overklassa hadde ei lang rekke juridiske privilegium i keisartida som i mange situasjonar fritok dei frå rettsforgjølging. Straffene blei vurderte etter den sosiale statusen som offeret og gjerningsmannen hadde. På denne måten virka lova heilt opp til begynnelsen av det 20.århundre. Dette heldt oppe ein hierarkisk samfunnsorden, der kjønn, alder og sosial rang var avgjerande faktorar (Halskov Hansen, Thøgersen 2008:78).

Jean Brick viser at lovene i Kina også i dag tener interessene til særskilte sosiale grupper; Thus there is bourgeois law, which expresses the interests of the ruling class in capitalist societies, and there is socialist law, expressing the interests of the working class. No

pretence is made of an impartial law; law is frankly acknowledged as partisan (2004:114). Harmoni og sosial orden (politisk kontroll) er det viktigaste også i dag: Human rights, for example, are regarded as being bestowed on the population by the government. They are therefore open to restriction on the grounds of social interest and do not automatically apply to all people". Menneskerettar, ytringsfridom og religionsfridom er underordna behovet for sosial stabilitet (2004:115).

"En gutt som tar veska til ei gammel dame må være 8 år i fengsel. Det er rettferdig.", skriv ein kinesisk student i eit essay om straff. Straffene i Kina er harde. Dødsstraff er utbreidd, og det er få som har motførrestillingar mot bruken av dei. Dette gjeld også kinesiske studentar på norskstudiet (NIS, HVO) som skriv essay om emnet. Haldninga er at det er i samfunnets interesse at dei som krenkar sosiale normer, blir dømde til døden. (T.d. er 60 000 dødsdømde på 3 år, frå 1998 til 2001, Brick 2004:116).

Utdanning og harmoni

Konfutsius meinte at menneska sine misgjerningar primært kjem av mangel på kunnskap og mangel på orden og system i samfunnet. Utdanning var derfor viktig, og ein må ha/gjenopprette fred og harmoni i alle relasjonar. Å vere moralsk er m.a. å disciplinere og kultivere seg sjølv (*xiushen*), og å freiste å foredle karakteren. I keisartida måtte tekstar frå Konfutsius' forelesingar lærest opp utanboks, og eldre kinesarar i dag kan hugse at dei måtte bøye seg for eit bilet av Konfutsius kvar morgen når dei kom på skulen. Konfutsius meinte at dei lærde fortente respekt frå folket, men det fortente ikkje bøndene som var ulærde (sjølv om det var dei som var "folket" i hans samtid og heldt oppe økonomien). Bøndene vart sett på som primitive sidan dei ikkje kunne lese og skrive. Under Mao vart tankegangen motsett, og konfutsianismen blei "umoderne", særleg etter 1949, for det gamle føydale mønsteret kunne ikkje foreinast med kommunismen. Men Mao hadde internalisert harmonitanken, i alle fall tanken om harmoni i myndigheitene sin favør.

Konfutsius i dag

Konfutsianismen er ikkje ein religion (sjølv om vi finn religiøse element som i buddhismen og daoismen), men mange vil kalle moralfilosofen Konfutsius ein slags gud med ein heilt spesiell status. Verdisynet og tankegangen hans gjennomsyrer kinesisk kultur, familieliv og kvardagsliv også i dag, meiner Henning Kristoffersen (2008:190). Arne Redse konkluderer med at *rujia* (konfutsianismen) framleis pregar kinesisk sosial og moralsk tankegang meir enn nokon anna læreretning" (2010:34-35).

Fleire kinesiske studentar i Volda fortel at konfutsianismen står vel så sterkt i Japan og Korea som i Kina. Fleire konfutsianske tempel er framleis bevarte i Kina, og på landsbygda vert det enno ofra til Konfutsius, særleg når viktige eksamenar nærmar seg. Då ber foreldra om at borna må få gode eksamensresultat (Kristoffersen 2008:190).

Konfutsius sitt mål var ikkje å skape noko nytt. Han levde i ei tid då situasjonen i Kina var kaotisk, og han ville bidra til stabilitet ved å styrke dei tradisjonelle verdiane. Eit hierarkisk system var med på å skape orden og ”harmoni” i samfunnet. ”Harmoni” er eit godt omgrep for kinesiske leiarar også i dag, meiner ein kinesisk student: ”Når dissidenter blir forfulgt eller satt i husarrest, er uttrykket at de blir ”harmonisert”.

Som nemnt har Konfutsius sine moralske og etiske normer og verdiar stått ulikt i kurs framgjennom skiftande politiske tider. Mette Halskov Hansen og Stig Thøgersen slår fast at konfutsianismen no igjen er del av den offentlege, politiske kulturen og det politiske systemet i Kina: Den nye leiinga med Generalsekretær Hu Jintao i spissen lanserte i 2005 eit nytt ideal som vert kalla ”det harmoniske samfunn”. Kinas Kommunistiske Parti vil gje eit bilet av at det er ei samlande moralsk kraft i samfunnet som representerer tradisjonelle kinesiske dygder som flid og hardt arbeid, samhald i familien, respekt for eldre osb. ”Her trekker man i stigende grad veksler på den konfutsianske tradisjonen: folk skal adlyde sin hersker, mens herskeren på sin side skal sørge for folkets ve og vel” (2008:40/63). Den same relasjonen har eleven/studenten og læraren i Kina i dag (Haibiao 2010). Eleven og studenten skal vise respekt for læraren, og læraren skal vere som ein forelder som formidlar kunnskapar som fører til arbeid og eit godt liv. Elevar og studentar i Kina er på skulen store deler av døgnet. Dei ser lærarane meir enn foreldra sine.

Brick viser at det også i dagens Kina dominerer eit hierarkisk sosialt system. Mange kinesarar ser på forsøk på å skape likheit som mangel på respekt, og dei kan aktivt motsette seg at skilnadene vert utjamna (2004:109). Dette gjeld særleg respekten for alder og autoritetar; Most people are likely to feel uncomfortable when they are discouraged from paying respect where they feel it is necessary,... and most Chinese university students never adjust to calling their lecturers by first name (Brick 2004:110). Dette viser seg også språkleg. Ein henvender seg gjerne indirekte til autoritetspersonar, og ein brukar den høflegaste forma for du (*nin*). Ein unngår å be direkte om noko, og ein unnskyldar seg for å skape bry. Det er uvanleg å kritisere og påpeike feil hos andre. Dersom ein seier si eiga mening, er den dempa og med sterk unnskyldning. Kinesarar framstår som overhøflege når dei snakkar til eldre og til dei med høge posisjonar, men når dei snakkar med vener og medstudentar, kan kommunikasjonen bli både direkte og heftig, har Brick observert (2004:109).

Konfutsiansk påverknad på læringsstrategi og eksamensform (Halskov-Hansen 2012), og undervisninga gjeld ”to insert something in students’ minds without them being aware of it. (...) The role of the teacher is to transmit knowledge, wisdom, culture, virtue, respect for learning and obedience to authority. The role of the student is to master the knowledge that the teacher presents and learn by following the example of the teacher.” (Brick 2004:212).

Som vestleg lærar ser eg at 'tradisjonelle konfutsianske tankegangar' kan vere hemmande for kinesiske studentar etter våre normer. Prøving og feiling er ein vanskeleg læringsstrategi for denne studentgruppa, for det er pinleg å gjere feil; «Vi må tenke på *face*», seier ein kinesisk student. Dessutan vegrar studentane seg for å kome med kreative forslag og nye idear (frå student til lærar), for det er å framheve seg sjølv og dermed avvike frå respekten for hierarkiet. Dersom læraren stiller eit spørsmål til heile gruppa, er det flaut å svare, for det er å vise seg fram. Eleven/studenten er «undersätten» som ikkje skal «show off». Ein student seier: «Vi må ikke tro at vi er flinke, vi kan bli flinkere». Det er særstakt uvanleg at kinesiske studentar stiller spørsmål i undervisninga (men dei har mange spørsmål i pausen). Dei forklarer dette med at eit spørsmål kan bety kritikk til læraren, for dersom ho/han har undervist godt, har ikkje studenten spørsmål. Det er ei skam for ein elev/student å kritisere ein lærar også på denne indirekte måten.

Dei 74 kinesiske studentane på norskstudiet på HVO (1991-2017) har aldri uttrykt motførestillingar eller vore ueining i det eg, læraren, har sagt. Dersom eg skriv feil på tavla og ein internasjonal student påpeikar dette, vert dei kinesiske studentane skamfulle. Ved eit høve, skrev eg eit pronomen i feil form på tavla, men ingen gjorde meg merksam på det. I pausen kom ein kinesisk student med grammatikkboka og viste meg ei setning med pronomenet i same form og kontekst som eg hadde skrive. For å unngå å seie at eg hadde skrive feil, spurte studenten om eg kunne forklare skilnaden på mi setning og setninga i grammatikkboka.

Som Brick påpeikar ovanfor er det vanskeleg for kinesiske studentar å bruke førenamnet på autoriteten, læraren, her i Noreg. Ein typisk samtale mellom meg og kinesiske studentar dei første vekene på studiet er (omsett til norsk): «Kva skal vi kalle læraren?». «Reidun», svarer eg. «Ja, vi veit namnet, men kva skal vi seie for å vise respekt?»

Det kan vere 'naturleg' for fleire kinesiske studentar å gje ei gåve til læraren (jfr. lærarens dag i Kina). At ”gaver til hjelperen” kan bli sett på som smurning, var ein framand og merkeleg tankegang, meinte ein kinesisk student etter at ho hadde lese ein tekst om forbod mot (store) gåver til statstilsette nordmenn. Fleire kinesiske visdomsord uttrykker at læraren

er «hjelparen», t.d. «Dersom du er læraren min ein dag, er du faren/mora mi resten av livet», «Læraren er sjela til eit folk» (i mi omsetjing)

Ni kinesiske studentar om konfutsianismen i dag (språket er retta)

”Konfutsius har større påvirkning i dag enn daoismen og buddhismen”.

”Noen av Konfutsius’ tekster blir lest på universitetet i dag, men ikke hele bøker, for språket er gammelt og vanskelig. Vi leser også dikt av Kuan-Tzu som levde 600 år f.Kr.”

”Selv om man ikke snakker så mye om Konfutsius, bor han i hodene våre”.

«Alle kinesere vet noe om Konfutsius, han blir kalt ‘lærer for 10.000 generasjoner’».

”Det er vanlig å høre sitat av Konfutsius i språket. I avisar, i litteraturen og i hverdagsuttrykk finner vi mange setninger og spor av Konfutsius, også blant unge. Hvis jeg for eksempel får besøk av en venn fra et annet sted, vil jeg si på konfutsiansk måte: ’Jeg er så glad for å få besøk av en venn som kommer langt borte ifra’ (eller ordrett; ’Ha venn fra langtborte komme veldig glad, å!’(så godt for meg - følelsen blir uttrykt på slutten av setninga)”.

”Da jeg var gutt, gjorde jeg noe galt, og en mann som så det, sa til faren min (på konfutsiansk måte): ”Hvis barnets oppførsel ikke er bra, er det faren som er årsaken”.

”Konfutsius hadde stor respekt for autoriteter, og mange kinesere kan setninger som han har sagt: ”Fyrstens dyd er som vinden, og folkets dyd er som gresset. Gresset som vinden blåser på må bøye seg”.

Skilsmisestatistikken er drastisk på veg oppover i dei store byane, men ”skilsmisse er veldig galt for mange i Kina. Det er ikke på grunn av religion, men på grunn av Konfutsius”, skriv ein kinesisk student, ”for familien og Kina må være *one unit*. Å dele opp er ikke bra for kinesere, vi må for eksempel ikke dele ei pære i to og gi en del til en god venn. Det betyr at vi slutter å være venner”.

”Konfutsius har fått for stor betydning. Han skriver om hverdagsfilosofi, ikke dype tanker, ikke store tanker, bare vanlege. Men han var en god lærer, og tekstene er dialoger mellom lærer og studenter.”

Også desse to studentane har kan hende ”Konfutsius i hodet sitt”:

”Kina vil ikke iføre seg en global lederrolle. Vi har tradisjon for ydmykhet, og vil ikke påvinge andre våre verdier”, seier ein kinesisk student i New York til Morgenbladet (Jørgensen 16.12.10). Og ein kinesisk student, Chen He, som studerer engelsk i Polen skriv dette diktet (Badecka-Kozikowska 2010:199):

When I pronounce the word Enemy
I respect him first of all.

When I pronounce the word Honour
I must defeat myself.

Sokrates (469-399 f. Kr.)

Dygder (arrete/arató)

Sokrates si samtid la vekt på dygder (gresk:*arrete/arató*) som rettferd, mot, fromheit og måtehald. Ordet 'dygd' er i slekt med ord som 'dyktig' på norsk, og ein person med dygd, var ein person som var dugeleg eller dyktig på ein bestemt måte. Den greske etikken var ein dyktigkeitsetikk eller ferdighetsetikk, og fokuset på den enkelte sine ferdigheiter førte til at den greske etikken var individorientert (noko som var ei utprega gresk intellektualistisk menneskeoppfatning) (Skard, 1993:70-71, Svare 2006:247).

Kunnskap gjer menneska gode

Både Sokrates og Konfutsius hadde tru på at kunnskap gjer menneska gode. Begge meinte at dygd kunne lærast, og den rette kunnskapen var ein føresetnad for rette handlingar. Sokrates meinte at når vi gjer noko gale, er det fordi vi ikkje veit betre, for "ingen gjør frivillig urett" (Amundsen, 1974:599). Dygd og kunnskap er omtrent det same hos Sokrates. Ved å utvikle dygd, vart den einskilde eit dugeleg samfunnsmedlem som bidrog til å halde samfunnet oppe. Dersom dygdene forvitra, vart sjølve samfunnsordenen truga (Svare 2006:248). Konfutsius meinte også at menneska sine misgjerningar primært hadde si årsak i mangel på kunnskap, men vektlegg også mangel på orden og system i samfunnet som årsak. Han meinte at dygder som fellesskapskjensle, plikt og pietet overfor føresette og eldre var det viktigaste for å halde samfunnet stabilt. I keisartida var tankegangen at dei lærde hadde moralske dygder og kunne oppdra menneska med det gode, medan lover og rettargang var ei naudløysing.

Vi ser at mennesket sitt intellektuelle utstyr, forstanden og kunnskapane, vektleggast sterkt både hos Sokrates og Konfutsius. Kunnskap er med andre ord vilkåret for eit moralsk rett liv. Konsekvensen er at berre ei mindre gruppe menneske er verdige og i stand til å ha makt og å styre samfunnet. Også Platon meinte at den store mengda ikkje kunne filosofere, og dermed var demokratiet umuleg som styreform (Skard 1993:72).

Opprør mot autoritetane

I motsetnad til Konfutsius som ville fremje og ta vare på tradisjonelt tankegods, avviste Sokrates herskande tankeretninga i den greske verda, samstundes som han såg med otte på ei omsynslaus individualisme som oppløyste gamle greske normer. Sokrates fremja ikkje tanken om hierarki og harmoni som Konfutsius var oppteken av. Han var fleire gongar i konflikt både med folket og med myndighetene i Athen. Han protesterte mot lovstridige framgangsmåtar i å gje dødsdomar, han var sivilt ulydig, og han sette seg imot både det herskande demokratiet og ”tretti tyrannar”.

Den sokratiske metoden

Cicero har sagt om Sokrates at han tok filosofien frå himmelen og ned på jorda og tvinga menneska til å tenke over liv og seder, godt og vondt. Aristoteles såg på Sokrates som logikaren som kom fram til den induktive metoden og grunnla læra om omgrep og definisjon. Men Sokrates var først og fremst pedagog og oppsedar, og ”sjølvtenking” er eit stikkord. Han spurte etter menneskeleg kunnskap og visdom i motsetning til dei andre filosofane si interesse for naturen. Den ”indre fridomen hans” kom til å inspirere all seinare gresk moralteori, og den fordomsfrie livsførselen hans kom til å legge grunnen for alt som heiter akademisk og vitskapeleg liv, meiner Skard (1993:69-72). Vi bør vel legge til at dette først og fremst gjeld akademisk liv i den *vestlege* delen av verda.

Vi kan finne trekk og praksis hos Sokrates som er gjeldande for tilhøvet mellom lærar og elev/student i vestleg undervisningstradisjon i dag: I dei klassiske dialogane (som Platon og Xenofon har skrive ned) dreiv Sokrates ”forløsningens kunst” (Skard 1993:65) der rolla hans var å stille spørsmål. Mora til Sokrates var som kjent jordmor, og omgrepet ‘fødselshjelparen’ som Sokrates brukar om seg sjølv i dialogen med ein ung gut i *Theaithetos*, viser til at han forløyser innsikter som guten sjølv har. ”Innsiktene fødes gjennom en kritisk granskning av deltakernes forståelseshorisont, det vil si den totale mengden av erfaringer og oppfatninger de alltid bærer med seg” (Svare 2006:259). Dette er essensen i den sokratiske metoden. Spørjeteknikken førte til at samtalepartnaren kunne danne seg klare omgrep og definisjonar, og ein kunne sette spørsmålsteikn ved alt. Fasitsvar fanst ikkje for Sokrates, for svar er gjenstand for nye spørsmål (den dialektiske metoden).

Sokrates var ikkje redd for å provosere og forvirre fordi ”nokre fødslar var vanskelegare enn andre”. Han kunne bruke ei ironisk samtaleform og kome med skarpe analysar. Alle kunne ta del i samtalen, utan omsyn til alder, kunnskap eller bakgrunn (Skard 1993:66, Svare:2006:245). Den individorienterte greske etikken og den intellektualistiske

menneskeoppfatninga har sett tydelege spor i vestleg pedagogikk. Prøving og feiling er ein akseptert strategi (Haug 2015), og lærarar oppmunstrar elevar/studentar til å kome med motførestillingar og eigne syn og meininger. I prinsippet har vi i vest ein lang tradisjon for å kunne sette spørsmål ved kunnskapen som andre har, inkludert autoritetane (lærarane). Sterke miningsbrytningar i akademia var allereie akseptert på 300-talet f.Kr. Sjølv for studenten Aristoteles, som ikkje var ekte grekar, men frå Makedonia, var det akseptert å vere usamd med lærarmeisteren og autoriteten Platon på akademiet i Athen.

Oppsummering

Den kinesiske etikken var kollektivorientert, medan den greske var individorientert med eit intellektualistisk menneskesyn. Som vi ser meinte både Konfutsius og Sokrates at kunnskap var viktig for menneska og for at samfunnet skulle fungere, men dei hadde ulikt syn og praksis på korleis ein skulle finne fram til kunnskap. Til dømes la Konfutsius vekt på autoritetstru, lydnad og rette svar, medan Sokrates' spørjeteknikk utan fasitsvar ga rom for meiningsbrytning mellom lærar og elev. Vi kan konkludere med at Konfutsius og Sokrates har påverka tenkinga – og syn på kunnskap, undervisning og læringsstrategiar – i kvar sin del av verda.

Litteratur

Badecka-Kozikowska, Monika: "Teaching English to Chinese Students at a Polish University", *Coping with Diversity – Language and Culture Education*, 2010, Warszawa, Academica SWPS

Brick, Jean: *China – A Handbook in Intercultural Communication*, 2004, National Centre for English Language Teaching and Research, Macquarie University, Sydney NSW 2109

Haug, Peder: *Elev- og lærarrolla – vilkår for læring*, 2015, Oslo: Samlaget

Hansen, Mette Halskov: På den kinesiske skolebenken, i *Landrapport Kina, 2012*, SiU, 02, 18-21

Hansen, Mette Halskov og Stig Thøgersen: *Kina individ og samfunn*, 2008, Universitetsforlaget, Oslo
Haibiao, Miao 2010, intervju.

Kapuscinski, Ryszard: *Reiser med Herodot*, 2008, Aschehoug

Kristoffersen, Henning: *Det nye Kina – kinesisk handel, kultur og politikk*, 2008
Universitetsforlaget, Oslo

Redse, Arne: *Kinesisk religion og religiøsitet*, 2010, Tapir Akademisk Forlag, Trondheim
Skard, Eiliv: "Sokrates" i *Vestens tenkere*, bd. 1, 1993 (red. T. Berg Eriksen)
Svare, Helge: *Den gode samtalens – kunsten å skape dialog*, 2008, Pax forlag, Oslo
Yu Dan: *Le bonheur selon Confucius*, 2009, Belfond, Paris